



Årsplan for Sunnylvn barnehage 2023/2024



BRAC
THE CHILDREN'S COMPANY

Velkommen til Sunnlyven barnehage!

Sunnlyven barnehage er kommunal og har areal og godkjenning til 42 barn over tre år.

Opningstidene er tilpassa behovet foreldra har meldt i søknad om barnehageplass og personalressursen. Ope kl 0700 – 1625 (men berre til kl 1615 på fredagar)

Dersom ein har behov for å ha barnet i barnehagen i meir enn si individuelle opphaldstid, kan ein kjøpe seg dagar, men dette må vere innanfor opningstida og etter avtale med pedagogisk leiar på avdelinga. Betaling for kjøp av ekstra dag er kr 450,- og dette kjem på den ordinære fakturaen.

Vi minner om at maks opphaldstid pr veke er 45 timar. I denne tida er det inkludert tida de brukar til levering og henting. Andre tilbod vi har er 27 og 36 t/v.

Betaling for barnehageplass er den 15. kvar måned. Ved uteståande betaling for to-2-månadar vil kommunen seie opp avtalen med ein-1- månads varsel. Vi oppmodar om å bruke autogiro for betaling. På den månedlege giroen er det også betaling for mat, frukt og drikke til barna.

Dersom barnet vert henta etter barnehagen si stengetid utløyser dette eit gebyr på kr 500,- . Dette vert fakturert på den ordinære fakturaen.

Barnehagen har to avdelingar. Ei småbarnsavdeling, Blåbærtua , der det for tida er 7 barn fordelt på to årskull. På Trollhola er det no 17 barn fordelt på fire årskull. Leikemiljø og aktivitetar er tilpassa dei ulike føresetnadane til barna både generelt og individuelt. Dette viser att i halvårsplanane som foreldra får utdelt. Halvårsplanane er utarbeida for kvar avdeling, men har ein del like tema.

PERSONALGRUPPA

Hilde Langlo Brekke	einingsleiar	957 05 466
Helge Tryggestad	pedagogisk leiar Blåbærtua	984 48 261
Kenneth Andre Hole	assistent	
Mariann Frøysa	fagarbeidar Trollhola	
Elise M Skjortnes	assistent Blåbærtua	
Åse Støverstein Ringdal	pedagogisk leiar Trollhola	922 82 603
Lena Underhaug	pedagogisk leiar Trollhola	975 22 893
Trine Tryggestad Forbord	assistent Trollhola	
Anita Auflem	reinhaldar	

OVERGONGAR

Den aller første og største overgangen i barnet sitt liv er overgangen mellom heim og barnehage. Barnet møter nye omgjevnader, barn og vaksne som dei skal bli kjent med og bygge tillit til. Dei første dagane er det svært viktig at de tek dykk god tid til å vere i lag med barna. Det er ein fordel om du kan la barnet ditt ha korte dagar og å vere tilgjengeleg på telefon eller i nærleiken slik at personalet kan få tak i deg om det er nødvendig. Husk å alltid seie "hade" når du går, slik at barnet får med seg at du tek avskjed. Dette er med på å skape ei rutine i barnet og hjelper barnet til å forstå situasjonen og vere trygg på at du alltid kjem tilbake for å hente det. Det er heilt vanleg at barnet ditt vil gråte når du går, men personalet har god erfaring med å trøyste og trygge barn i denne situasjonen. Det er like vanleg at barnet gret dei første dagane som at det kan starte å gråte tredje veka. Det brukar å gå seg til etter ei tid.

«DEN GODE SKULESTART»

Dette er eit program som er fastlagt av kommunen og skal sikre at barna får kjennskap til skulemiljøet før dei tek til i 1. klasse og skulefritidsordning. Dette er eit opplegg i samarbeid mellom barnehage, skule, helsestasjonen og pedagogisk psykologisk teneste (PPT). Målet med førskulen er å danne vennskap og skape samhald, få kjennskap til matematiske omgrep og tala frå 1 til 10, og få ei forståing for språket vårt og alfabetet. I barnehagen vil barna få kvar si bok til å skrive/tegne i, og ei oppgåvebok som heiter TRAMPOLINE. Oppdraget til barnehagen er å gi barna kjennskap til, og erfaringar med skulerelatert miljø. I tillegg blir barna oppmuntra til å kle på seg sjølv mest mogleg, trene på toalettbesøk, ta vare på tinga sine, rydde og å få ansvar for ulike oppgåver som kan passe. Vi vil få besøk av noverande 1. klasse i løpet av hausten og har tradisjon for eit par dagar med Vårskule når sommarferien nærmar seg, og det vert på den nyrenoverte skulen vår. I tillegg til vårskuledagane vil vi besøke skulen i utetida for å gjere barna litt kjent med uteområdet, samt at vi i periodar ønsker å bruke gymsalen.

DAGLEGE OVERGONGAR LEVERING OG HENTING

Vi vil setje fokus på å skape gode situasjonar ved levering og henting der vi tek imot beskjedar og leverer ut muntleg informasjon. Dersom de som foreldre har behov for å snakke med pedagogisk leiar spesielt, kan ein be om dette eller avtale ei tid for samtale, ein treng ikkje å vente til ein vert innkalla.

OBS! husk å alltid gi beskjed dersom nokon andre enn foreldre skal hente barnet.

Vi set pris på ei melding eller ein telefon dersom barnet ditt tek fri eller er sjuk. Bruk gjerne Visma appen og registrer sjølv, eller sende det som melding.

MÅLTID

Måltidet er eit læringspunkt i løpet av dagen. Vi ønsker å legge til rette for gode samtalar, ro, tid til å øve på å smøre maten sin sjølv og å øve på bordskikk. Barna lærer av kvarandre og dei kan hjelpe kvarandre.

I løpet av veka vil vi ha ein dag der det vert laga eit måltid med enten varm mat eller noko vi har baka sjølve. Barna skal sjølvstøtt delta i matlaginga så lenge det er mulegheit for det med tanke på smittevernomsyn .

Sunnylven barnehage vil ha fokus på sunn mat. Vi serverar grønsaker og frukt kvar dag. Vi tilbyr også barna vatn i tillegg til mjølk ved måltida.

YTTERKLEDE

Når barna går innatt etter utetid heng vi alle kjeledressar/regnklede/vottar på uteknaggane. Dette for at ein ikkje skal ta med inn sand, pollen og anna smuss. Foreldra skal kvar dag sjekke om ytterklede er våte og/eller skitne – då skal dei takast med heim for tørk/vask. Husk også å ha oversikt over at her alltid er eit skift med klede til barna i korgene deira.

FEIRING AV BURSDAGAR

Barnehagen markerar fødselsdagen ved at vi har fokus spesielt på dagens jubilant. Vi heiser flagg om morgonen, lagar krone , han/ho får velje ein leik alle skal holde på med i samlinga og vi syng for bursdagsbarnet som sit på bursdagsstolen. Dagens bursdagsbarn på Trollhola får velge mellom bollemann og is til eine måltidet, medan på Blåbærtua vert det baka muffins.

ANDRE MARKERINGAR

I halvårsplanane vil ein lage aktivitetar som passar både jul, påske og 17. mai og fleire. I desember blir det julefrukost og i februar er det karneval, det blir lagt ut invitasjon i hyllene til barna.

Vi feirar Lucia og vi skal til kyrkja.

Før påske har vi og ein påskelunsj, då spanderer Saniteten gode smørbrød, kakao og frukt på alle barna og tilsette.

I juni arrangerast det Sommarfest som avslutning før ferien. Foreldre bakar og familien er invitert til utefest.

I 2023 fyller Sunnylven barnehage 40 år og dette vil vi markere i september med bursdagsselskap.

LIVSGLEDE BARNEHAGE

Barnehagen vil vere ein Livsglede barnehage på den måten at vi legg til rette for møte mellom generasjonar der vi kan glede kvarandre og ha kontakt. Dette kan vere besøk på Omsorgssenteret inne eller ute, ha besøk av eldre i barnehagen, møte eldre på andre arena og gjere ting saman, og oppleve at vi er betydningsfulle og til glede for kvarandre.

KONTAKT BARNEHAGE-HEIM

To gongar i året vil pedagogisk leiar invitere foreldra til samtale om barnet sin trivsel, utvikling og læring. Barnehagen vil bruke eit formelt skjema («Alle med») som de som foreldre skal signere etter møtet. Her vil de sjå kva barnehagen ser av utvikling og progresjon hos barnet . Dette er ei enkel kartlegging som følgjer barnet gjennom barnehagetida.

Dei kommunale barnehagane i Stranda brukar appen «Min Barnehage» frå Visma. Her kan foreldre sjølv leggje inn fråver, meldingar til barnehagen eller lese meldingar til seg personleg eller fellesbeskjedar. Barnehagen brukar den til å registrere når barna kjem/går, tallelister i løpet av dagen, beskjedar til foreldre. Der er også informasjon om barnet (for eksempel medisinar/sjukdomar, fråver), kontaktinformasjon til foresatte. Barnehagen vil også bruke denne for å leggje ut foto og litt info om ting vi har gjort. Dette vil vere under funksjonen Dagbok, så gå gjerne innom her.

FORELDRE RÅDET – si oppgåve er å sikre og fremme samarbeid mellom barnehage og heimane. Dei skal vere eit bindeledd mellom heimane og barnehagen og ta opp saker som er til det beste for barna i barnehagen.

Alle foreldra i barnehagen er medlemmar i Foreldrerådet.

Leiar og nestleiar er foreldra sine representantar i SU. Desse vert valgt på foreldremøtet om hausten. Dette skal vere to kvinner og to menn.

SAMARBEIDSUTVAL SU – si oppgåve er å bære vidare signal frå brukarane av tenesta opp på politisk nivå, difor har SU politiske representantar. Samarbeidsutvalet skal også godkjenne årsplanen og gjennomgå budsjettforslaget for barnehagen frå einingsleiaren.

KORLEIS KAN DE SOM FORELDRE PÅVERKE BARNEHAGEN SI VERKSEMD?

- Dagleg kontakt i bringe og hente situasjonar
- Bruke Foreldrerådet
- Ta kontakt med Samarbeidsutvalet(SU)
- Vere ein aktiv deltakar i evaluering / brukarundersøkingane i barnehagen
- Ta kontakt med pedagogisk leiar / einingsleiar
- Bruke aktivt foreldresamtalane haust og vår

Medlemmar i Samarbeidsutvalet 2023/2024:

Geir Frøysa, (politisk repr.) *Ny repr etter kommunevalet i september*

Borghild Hole og Per Olav Frøysa Hånes (leiar og nestleiar i Foreldrerådet)

Elise Skjortnes , - vara Mariann Frøysa (personal repr.)

Hilde Langlo Brekke - sekretær

Foreldra i Sunnylvn barnehage kan fremje sine saker ved å bringe dei inn for desse utvala.

RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN (Kunnskapsdepartementet KD)

Rammeplan for barnehagen kan de finne på denne adressa:

udir.no/rammeplan

Rammeplan for barnehagen er styringsverktøyet til barnehagane og er førande for all planlegging av alt frå dagsrytme, måltid, mat, fysisk aktivitet, kognitivt tilbod, årsplan, halvårsplan, månadsplanar og didaktiske planar slik som turar, gruppeinndelingar generelt og tilpassing for barnet spesielt.

Gjennom barnehagelova har barnehagen mandat til å meine noko om barnet sin trivsel og utvikling. Dette kallar vi eit samfunnsmandat og pliktar barnehagen til å gi barnet gode lærings og utviklingsforhold, det gir og barnehagen rett til å seie noko om desse forholda når barnet ikkje er i god utvikling.

Verdigrunnlaget til barnehagen er: **LEIK, LÆRING, OMSORG og DANNING**

Ein skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon.

«Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt. Barnehagen er og ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og bidreg til å leggje grunnlaget for eit godt liv»

Sitat Rammeplan for barnehagen

DEMOKRATI, MANGFALD, LIVSMEISTRING OG HELSE, LIKESTILLING (Rammeplan KD s. 7-11)

I Sunnlyven barnehage vil vi legge til rette for at barna utviklar demokratiforståing, respekt for ulikskapar og at dei utviklar positive haldningar til mangfaldet. Personalet skal anerkjenne individet si opplevingsverd og slik legge til rette for at barnet etablerer eit positivt sjølvbilete gjennom eigne erfaringar. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik. Barna skal lære å ta vare på naturen, kvarandre og seg sjølv. Barnehagen skal utjamne sosiale forskjellar, vere helsefremjande og ha ein førebyggjande funksjon.

7 FAGOMRÅDER

1. kommunikasjon, språk og tekst
2. kunst, kultur og kreativitet
3. natur, miljø og teknologi
4. mengd, rom og form
5. etikk, religion og filosofi
6. nærmiljø og samfunn
7. kropp, rørsle og helse

Fagområda vil sjeldan eller aldri opptre åleine. Dei vil vere representert gjennom temaarbeid og i samband med kvardagsaktivitetane våre. For vidare lesing : *Rammeplanen for barnehagar* (KD 2017) og i halvårsplanen vår.

SATSINGSOMRÅDE 2023 - 2024 : SPRÅKUTVIKLING OG SPRÅK

Språk og språkutvikling er satsingsfelt i Strategiplan for kompetanseutvikling for barnehagane i Stranda kommune og vi held fram med same feltet som sist barnehageår.

Dette er eit stort og spennande felt, og i Rammeplanen er der klare føringar for kva barnehagen skal gjere i denne samanheng. : « barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barnet støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.»

Språkutviklinga er enorm i barnehagealderen og vi som personale skal møte barnet der han/ho er og stimulere ved å bruke heile oss, kroppsspråk, verbalt språk, mimikk. Vi skal gi barna kjennskap til sangar, rim, regler, ord, uttrykk, andre språk og dialekter m.m. Alt dette i ein kontekst som er lystbetont, lærebetont og prega av ei inkluderande sosial ramme. Vi skal hjelpe barna til å bli ein del av det språklege fellesskapet, der dei vil lære å sette ord på følelsar, tankar, meningar, øve på konfliktløysing, skape relasjonar til andre barn og vaksne. Språket kan vere ein døroppnar til å delta i det sosiale fellesskapet, å forstå andre og bli forstått sjølv.

Gjennom halvårsplanane vil de finne meir informasjon om korleis vi arbeider med dette gjennom dei ulike tema vi har her i barnehagen.

UTVIKLINGSARBEID

Også dette barnehageåret skal vi gjennomføre eit utviklingsarbeid innan temaet «Språkutvikling og språkvanskar». Sunnmøre Regionråd har regionen i samarbeid med Høgskulen i Volda som stiller med veiledarar, og Ringstad, Helstad og Ullavik barnehagar er våre samarbeidspartnarar. Personalgruppa skal lage sitt eige fokusområde utfrå våre behov og ønske om kompetanseheving

Den problemstillinga vi vil jobbe med dette barnehageåret er: «Korleis styrke barna sitt ordforråd i prosjektarbeid»

Gjennom dette utviklingsarbeidet vil vår personalgruppe få kompetanseheving innan temaet samt at barnehagane utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling

Også i år vil vi bruke SnapCore (eit digitalt verktøy) og ASK (alternativ supplerande kommunikasjon). Dette er verktøy der ein har visuell bildestøtte som ein brukar parallellt med muntleg tale for å støtte opp under innlæringa av ord, omgrep m.m. Personalet brukar ASK i samspel med alle barna i barnehagen. Bildestøtte skal vere tilgjengeleg slik at barna sjølv kan hente/velje å bruke bildestøtte for å uttrykke seg. Stranda kommune har sagt at ASK skal vere ein del av det ordinære tilbodet i barnehagane i Stranda. Dette kan vere

bordbrikker med alle påleggsvilg på, tematavler, dagtavler, sneller med aktuelle bilder m.m.

ERASMUS + Internasjonalisering i barnehage og skule

Dei kommunale barnehagane si deltaking i Erasmus+ 2023 – 2027

Stranda kommune har eit samfunns mål som er at «Stranda skal vere eit inkluderande samfunn». Stranda har ein stor andel av barnehagebarn og elevar med bakgrunn i anna kultur. Samfunnet har ikkje klart å arbeide aktivt nok for å inkludere familiane og barna. Strandasamfunnet (Stranda, Hellesylt, Geiranger og Liabygda) kjenner ikkje godt nok til bakgrunnen til desse barna, og familiane og barna kjenner ikkje godt nok til Strandasamfunnet. Ved å auke kunnskapen om kvarandre, om kvarandre sin bakgrunn, samfunna og kulturane dei kjem frå, og korleis utdanningssystema i desse landa er organisert, er det eit mål at inkluderinga skal bli bedre.

I dette prosjektet vil vi knytte til oss samarbeidspartnarar/bygge nettverk i aktuelle land i for eksempel Aust Europa for å auke kunnskapen og kjennskapen til kultur, barnesyn, oppvekstvilkår, utdanningssystem m.m. Vi vil gjennom studieturar og gjenbesøk frå dei vi har besøkt auke kunnskapen og utvikle gjensidig forståing for kvarandre. Alle som jobbar med barn og unge i Stranda bør ha bedre kompetanse om bakgrunnen til barn frå andre kulturar. Dei som er deltakarar i dette Erasmus+ prosjektet er tilsette i barnehagar, skular og støttetjenestene i Stranda kommune.

Denne hausten vert det oppretta kontakt med barnehage, skule og støttetjenester i Litauen, og så ser vi fram til eit internasjonalt samarbeid i åra som kjem.

Det er naturleg også å sjå dette prosjektet i samanheng med andre satsingsområde i barnehagane for eksempel «Språkutvikling og språkvanskar» då eit felles språk er ein vesentleg faktor for å vere inkludert.

HALVÅRSPLANAR OG MÅNADSPLANAR

Desse er forma etter Rammeplanen for barnehagar og vert delt ut etter kvart. Planane vil ved periodeslutt bli evaluert slik at personalet kan lære av eigen praksis, reflektere over og vurdere planar. Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon.

SAMARBEIDSPARTAR SOM BARNEHAGANE I STRANDA KOMMUNE SAMARBEIDER MED :

Helsetasjonen – som driv generelt førebyggjande og helsefremmande arbeid for å trygge barn sine oppvekstvilkår i Stranda kommune. Dei kan foreslå at det vert søkt barnehageplass for barn med særskilde behov. Barnehagen kan søke råd, og formidle kontakt mellom barna sin heim og Helsetenesta.

Pedagogisk-psykologisk teneste(PPT) – ein fagleg instans som kan gi sakkunnige vurderingar og tilråding om spesialpedagogisk hjelp. Dersom barnehagen ønsker samarbeid og hjelp i forhold til enkeltbarn, må foreldra gi samtykke til dette.

Barnevernstenesta – hovudoppgåva deira er å sikre at barn som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barnehage og barnevernet er to av fleire aktørar som er med på å skape trygge oppvekstvilkår for barn. Tilsette har plikt til å melde frå dersom ein har mistanke om at barn vert utsette for omsorgssvikt.

BTI (Betre Tverrfagleg Innsats) – eit tverrfagleg samarbeid mellom desse instansane (Helsestasjon, PPT, Barnevern) og barnehagen. Styrar kallar inn til to møter i året der ein i BTI – gruppa søker å løyse saker på lavast mogleg nivå og så tidleg som mogleg. Dette er for å kunne fange opp og hjelpe barn raskare enn det vi har klart tidlegare.

Stranda kommune har tilsynsmynde for alle barnehagane i kommunen. Det er fellesopptak for alle barnehagane, private og kommunale, i Stranda kommune. Einingsleiar deltek på Leiarforum som vert leia av rådmannen. Her diskuterer einingsleiarane saker som vedkjem dei ulike einingane og kommunen. Kommunalsjef oppvekst kallar også inn til Styrarmøter med kommunale og private barnehagar, der møter berre barnehagestyrarane.

Sunnylven skule – samarbeid omkring innskriving av nye barn (Den gode skulestart). Vi har også nokre gongar elevar frå ungdomstrinnet som ønsker arbeidspraksis her.

Stranda vidaregåande skule – vi har nokre gongar elevar som har praksis her i samband med utdanning som barne- og ungdomsarbeidar.

HIVO (Høgskulen i Volda) – vi har nokre gongar studentar frå HIVO som har praksis i samband med si utdanning som barnehagelærar

Stranda Ungdomsskule og vaksenopplæring – vi har teke imot vaksne som skal ha språkpraksis t.d flyktningar

REGLAR VED SJUKDOM

Korona: følg med på siste oppdaterte retningslinjer på fhi.no eller stranda.kommune.no

Oppkast og/eller diarè: barnet vert sendt heim, og kan kome tilbake 48 timar etter siste oppkast/diare.

Vannkopper: barnet kan kome tilbake når utslettet har tørka og allmenntilstanden tilseier det.

Augekatarr: mild, moderat augekatarr kan barnet vere i barnehagen. Ved kraftigare bør barnet vere heime og evt ha kontakt med lege. Ved medisinerer kan barnet kome att når behandling er iverksett og allmenntilstanden tilseier det.

Brennkoppar: ved mistanke om dette må ein kontakte lege og få medisin. Brennkoppar smittar raskt og for å unngå at fleire barn får det bør barnet vere heime til sjukdommen er under kontroll.

Ved andre sjukdomar, spør lege eller evt. personalet.

Barnet må ha ein generell allmenntilstand som tilseier at det klarer ein dag i barnehagen med ute- og innetid, det er ikkje feber som avgjer.

MEDISINERING I BARNEHAGEN

Ein må gi formelt skriftleg løyve/fullmakt til pedagogisk leiar. Dette gjeld all medisinering også astma og salvar.

KONTAKTINFORMASJON:

Telefon einingsleiar kontor Hilde	464 11 844
Telefon Trollhola	464 11 140
Telefon Blåbærtua	464 11 025

hilde.brekke@stranda.kommune.no
sunnylven.barnehage@stranda.kommune.no

BARNEHAGE- OG SKULERUTE 2023-2024		
AUGUST	Barnehageåret vert rekna frå 01.08 Grunna ulik ferieavvikling vil barnehagane starte til ulik tid. Dei fleste startar tirsdag 08.08. Første mandag etter ferien er plandag for personalet og barnehagen er stengt.	Første skuledag mandag 21.08
SEPTEMBER	Felles plandag for barnehagane fredag 15.september	
OKTOBER		Haustferie i skulen veke 41 09.10. t.o.m 13.10.
NOVEMBER		
DESEMBER	Siste barnehagedag før jul er fredag 22.12. Barnehagen er stengt i romjula	Siste skuledag før jul er onsdag 20.12.
JANUAR	Første dag etter nyttår er onsdag 03.01. Tysdag 02.01 er plandag for personalet	Første skuledag etter jul onsdag 03.01.
FEBRUAR	Plandag fredag 23.februar	Vinterferie i skulen veke 8 19.02. t.o.m 23.02.
MARS	Påske: siste dag før påske er fredag 22.03 Barnehagen er stengt i påskeveka	Påskeferie. mandag 25.03.– t.o.m mandag 01.04.
APRIL	Første dag etter påske er tirsdag 02.04	
MAI	Barnehagen er stengt fredag 10.05 plandag	Elevfri dag 10.05
JUNI		Siste skuledag torsdag 21.06
JULI	Barnehagane er stengt i veke 28, 29, 30 og 31 utanom Geiranger barnehage som har 3 veker stengt sommars og vinterferien	
KOMMENTA RAR	Feriedagar: 27.12, 28.12, 29.12, 25.03, 26.03. Plandagar: 07.08, 15.09, 02.01, 23.02, 10.05. Onsdag 27.03 er lagt inn som avspasering for dei som har arbeidsdag den dagen.	Skulane skal ha minimum 6 plandagar. Skuleeigar har lagt inn 1 dag utanom dette som vert tatt frå dei 190 elevdagane.

